



Kva for ein kopp er best?

Det finst eit stort utval av koppar i hus og heim. Lag eit forsøk og finn ut kva for ein av dei som isolerer varmen best, slik at du ikkje brenner deg når du held rundt koppen.

Du treng

- Koppar av ulike slag som elevane tek med seg heimanfrå: pappkrus, isoporkrus, keramikkrus, steingods, porselen, glaskrus og termokrus
- Eelektronisk termometer
- Varmt vatn



Hypotese

Sjå på koppene de har samla inn. Tenk deg at alle blir fylte opp med kokande varm te.



1) Kva for ein av koppene trur du held fram med å vere kjøligast på yttersida?

2) Kva for ein av koppene trur du får høgast temperatur på yttersida?

Framgangsmåte

Bli einige og set alle koppene i den rekkjefølgja de trur, frå varmest ytterside til kjøligast ytterside. Finn eit solid, stødig bord og plassér koppene på bordet. Ein vaksen heller varmt vatn frå springen i kvar kopp. Ein og ein elev kan få kjenne varsamt rundt koppen dei trudde ville vere kjøligast, og samanlikne med den dei trudde ville vere varmest.

De kan eventuelt logge med elektronisk termometer kva temperatur yttersida til koppene har.

Dette skjedde

Beskriv kva de fann ut, og om hypotesane dine stemde.

